



Møteinnkalling

Utval:	Kontrollutvalet i Eidfjord kommune
Møtestad:	Kommunestyresalen, Kommunehuset i Eidfjord
Dato:	04.10.2021
Tid:	09:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved å ringa til Kjartan Haugsnes tlf. 901 89 542 eller til Hogne Haktorsen, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Kjartan Haugsnes møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Jostein Hovland
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorsen
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 9/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 10/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 06.05.2021	2020/65	
	Politiske saker		
PS 33/21	Orientering frå ordførar/rådmann - hending i fjellet	2020/161	
PS 34/21	Orientering frå rådmann, oppfølging revisjonsrapport nr. 1 2020.	2020/68	
PS 35/21	Oppfølging selskapskontroll Eigarstyring.	2018/6	
PS 36/21	Forvaltningsrevisjon kommunen si rolle i næringsutvikling, løypemelding.	2021/8	
PS 37/21	Rapport etterlevingskontroll Eidfjord kommune 2020.	2020/68	
PS 38/21	Budsjett for kontrollarbeidet 2022	2020/118	
PS 39/21	Eventuelt	2020/69	
	Referatsaker		
RS 14/21	Budsjettbrev Eidfjord kommune frå statsforvaltar	2020/68	
RS 15/21	Medlemsinformasjon september 2021 frå FKT	2020/69	
RS 16/21	Invitasjon til folkevaldopplæring 2022	2020/69	
RS 17/21	Vedtak i kontrollutvalet i Ullensvang kommune	2016/43	
RS 18/21	Protokoll representantskap Vestlandsrevisjon IKS	2016/43	
RS 19/21	Ullensvang kommune, utmelding Vestlandsrevisjon IKS	2016/43	

Godkjenningssaker
GK 9/21 Godkjenning av innkalling og sakliste



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/65-22
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune	10/21	04.10.2021

Godkjenning av møteprotokoll frå møte 06.05.2021

Forslag til vedtak

Protokoll frå møte 06.05.2021 vert godkjent.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Møteprotokoll frå møte 06.05.2021



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet i Eidfjord kommune
Møtestad:	Fjernmøte, Fjernmøte
Dato:	06.05.2021
Tid:	09:00 - 11:15

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kjell Ove Tveit	Nestleiar	
Anita Fredheim Limstrand	Medlem	
Kari Lægreid	Medlem	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Jostein Hovland	Leiar	AP
Haldis Myrvang Riber	Medlem	AP

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Ingen varamedlemmer hadde moglegheit til å møte.

Andre som møtte:

Namn	Stilling
Kjartan Haugsnes	Seniorrådgjevar Vestland fylkeskommune
Knut Ingar Myklatun	Økonomisjef Eidfjord kommune
Elin Bye	Oppdragsansvarleg revisor Vestlandsrevisjon IKS
Arne Gilbakken	Forvaltningsrevisor Vestlandsrevisjon IKS
Jostein Hovland utvalsleiar	Kjartan Haugsnes utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- Innhald Arkiv- U.Off

saknr		saknr
	Godkjenningssaker	
GK 7/21	Godkjenning av innkalling og sakliste	
GK 8/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 04.02.2021	2020/65
	Politiske saker	
PS 25/21	Orientering frå ordførar, hending i fjellet	2020/161
PS 26/21	Orientering frå rådmann, spørsmål til smittehandtering	2020/161
PS 27/21	Vurdering om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Eidfjord kommune	2020/66
PS 28/21	Årsrekneskap og årsmelding for Eidfjord kommune 2020 - uttale frå kontrollutvalet	2020/68
PS 29/21	Rapport forvaltningsrevisjon ny sjukeheim i Eidfjord.	2017/44
PS 30/21	Forvaltningsrevisjon kommunen si rolle i næringsutvikling, løypemelding	2021/8
PS 31/21	Årsmelding for Kontrollutvalet i Eidfjord kommune 2020	2020/123
PS 32/21	Eventuelt	2020/69
	Referatsaker	
RS 11/21	FKT - medlemsinformasjon april 2021	2020/69
RS 12/21	Saksliste representantskapsmøte IHM IKS	2020/69
RS 13/21	Finansrapport 2020	2020/68

Godkjenningssaker

GK 7/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 06.05.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Det framkom to merknader til innkalling og sakliste.

- Feil nummerrekkefølge sakliste
- Feil benevning, revisjonsbrev - revisjonsrapport i sak 28/21 vedlegg 3

Vedtak

Innkalling og sakliste med to merknader vart godkjent

GK 8/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 04.02.2021

Forslag til vedtak

Protokoll frå møte 04.02.2021 vert godkjent

Saksprotokoll 06.05.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 04.02.2021

Vedtak

Protokoll frå møte 04.02.2021 vart godkjent

Politiske saker

PS 25/21 Orientering frå ordførar, hending i fjellet

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll 06.05.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Etter sams drøfting i utvalet vart saka samrøystes utsett til neste møte.

Vedtak

Saka vart utsett til neste møte.

PS 26/21 Orientering frå rådmann, spørsmål til smittehandtering

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll 06.05.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Etter sams drøfting i utvalet vart saka samrøystes utsett til neste møte.

Vedtak

Saka vart utsett til neste møte.

PS 27/21 Vurdering om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Eidfjord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderingane frå dagleg leiar Elin Bye og forvaltningsrevisor Arne Gilbakken, vedrørande om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Eidfjord kommune, til etterretning.

Saksprotokoll 06.05.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Elin Bye og Arne Gilbakken frå Vestlandsrevisjon IKS orienterte.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderingane frå dagleg leiar Elin Bye og forvaltningsrevisor Arne Gilbakken, vedrørande om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Eidfjord kommune, til etterretning.

PS 28/21 Årsrekneskap og årsmelding for Eidfjord kommune 2020 - uttale frå kontrollutvalet

Forslag til innstilling

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Eidfjord kommune sin årsrekneskap for 2020.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 1 for 2020 frå Vestlandsrevisjon IKS ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 16.09.2021 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådingane i rapporten.

Saksprotokoll 06.05.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Økonomisjef Knut Ingar Myklatun orienterte om rekneskap og årsmelding og svara på spørsmål.

Han var mellom anna innom slike punkt

- Låge kraftprisar i 2020, utslag på konsesjonskraft
- Lågare skatteinngang
- Auka rammetilskot og lønnsoppgjeret 2020 gjev kommunen ein pluss i 2020. Dette er relatert til korona.

Vestlandsrevisjon IKS ved Elin Bye presiserte at etterlevingskontroll er for 2019 - 2020 er ikkje levert enno og må ha eige vedtakspunkt.

Etter sams drøfting vart slikt nytt punkt 2 samrøystes vedteke.

Kontrollutvalet vedtek uttale om etterlevingskontroll for 2019

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Eidfjord kommune sin årsrekneskap for 2020.
2. Kontrollutvalet vedtek uttale om etterlevingskontroll for 2019
3. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 1 for 2020 frå Vestlandsrevisjon IKS ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 16.09.2021 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådingane i rapporten.

PS 29/21 Rapport forvaltningsrevisjon ny sjukeheim i Eidfjord.

Forslag til innstilling

1. Kommunestyret tek rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av ny sjukeheim i Eidfjord kommune til etterretning

2. Kommunestyret ber rådmannen syta for at:
 - a) det vert utarbeida eit økonomireglement som omhandlar kommunen sine retningslinjer knytt til økonomi. Det kan eksempelvis inkludera investeringsprosjekt, rapportering og innkjøpsrutinar.
 - b) Eidfjord kommune har ein oppdatert arkivplan i tråd med gjeldande regelverk.
 - c) postmottak i større grad er ein adressat ved inngåande post og ved bruk av e-post i saksbehandling for å sikra at dokument vert journalført og lagra i fellesarkivet.
 - d) etterleving av rutinar for journalføring og arkivering hjå tilsette i kommunen vert styrka og styrka internkontrollen i forhold til leiarane sitt arkivansvar.
 - e) eventuelle avvik knytt til arkivrutinane i fagsystem og webhotell vert retta opp.
3. Kommunestyret ber rådmannen rapportere status på oppfølginga med eventuelt vidare framdrift innan 01.11.2021 til kontrollutvalet.

Saksprotokoll 06.05.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Arne Gilbakken frå Vestlandsrevisjon IKS orienterte.

Kontrollutvalet ber om at Vestlandsrevisjon IKS legg fram rapporten for kommunestyret.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Kommunestyret tek rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av ny sjukeheim i Eidfjord kommune til etterretning
2. Kommunestyret ber rådmannen syta for at:
 - f) det vert utarbeida eit økonomireglement som omhandlar kommunen sine retningslinjer knytt til økonomi. Det kan eksempelvis inkludera investeringsprosjekt, rapportering og innkjøpsrutinar.
 - g) Eidfjord kommune har ein oppdatert arkivplan i tråd med gjeldande regelverk.
 - h) postmottak i større grad er ein adressat ved inngåande post og ved bruk av e-post i saksbehandling for å sikra at dokument vert journalført og lagra i fellesarkivet.
 - i) etterleving av rutinar for journalføring og arkivering hjå tilsette i kommunen vert styrka og styrka internkontrollen i forhold til leiarane sitt arkivansvar.
 - j) eventuelle avvik knytt til arkivrutinane i fagsystem og webhotell vert retta opp.
3. Kommunestyret ber rådmannen rapportere status på oppfølginga med eventuelt vidare framdrift innan 01.11.2021 til kontrollutvalet.

PS 30/21 Forvaltningsrevisjon kommunen si rolle i næringsutvikling, løypemelding

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

Saksprotokoll 06.05.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Arne Gilbakken frå Vestlandsrevisjon IKS orienterte utvalet og var innom mellom anna slike punkt.

- Særs stor bruk av dispensasjon i kommunen

- Det er ikke vedteke nytt delegasjonsreglement i kommunen

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 31/21 Årsmelding for Kontrollutvalet i Eidfjord kommune 2020

Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding frå kontrollutvalet for 2020.

Saksprotokoll 06.05.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding frå kontrollutvalet for 2020.

PS 32/21 Eventuelt

Forslag til vedtak

Ikkje framlagt

Saksprotokoll 06.05.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Ingen saker meldt.

Vedtak

Ingen saker meldt.

Referatsaker

RS 11/21 FKT - medlemsinformasjon april 2021

Saksprotokoll 06.05.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Referatsaka vart teken til orientering

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering

RS 12/21 Saksliste representantskapsmøte IHM IKS

Saksprotokoll 06.05.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Referatsaka vart teken til orientering

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering

RS 13/21 Finansrapport 2020

Saksprotokoll 06.05.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Referatsaka vart teken til orientering

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

Politiske saker

PS 33/21 Orientering frå ordførar/rådmann - hending i fjellet



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/161-21
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utv	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune	33/21	04.10.2021

Orientering frå ordførar/rådmann - hending i fjellet

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Samandrag

Dette er oppfølging av spørsmål frå utvalsleiar til ordførar/rådmann i kontrollutvalet sitt møte 04.02.21 og sendt skriftleg etter møtet. Saka vart utsett i møte 06.05.21 og kjem opp på nytt no.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I kontrollutvalet sitt møte 04.02.2021 vart det protokollert slik under PS 8/21

*«Kloakkutslepp på Halne og handtering frå kommunen si side.
Spørsmålet vert sendt inn skriftleg til ordførar/rådmann og svara ut i neste møte.»*

Spørsmålet vart sendt ordførar og rådmann 05.03.2021 og lyder slik:

Spm. til Rådmann og Ordførar.

Etter henvendig frå publikum er utvalgsleiar gjort oppmerksom på kloakkutslipp ved Halne.

Saka er framstilt slik:

*Kloakk system er ikkje tilfredsstillande, krav om utbedring har vorte utsett fleire gonger.
Vidare blir det påstått at kloakk aktivt har blitt pumpa ut i Halnefjorden. Politi vart varsla og køyrer utrykning mot Halne. På veg mot Halne kontaktar dei Kommunen (ordførar?) og blir avbrutt på si utrykning.*

Er dette rett?

Kva løyve og utsettelse er gitt?

Har det vore midlertidige avbøtende tiltak?

Kor står saka no?

mvh Jostein Hovland

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet har bede ordførar og / eller rådmann om å orientere utvalet i høve spørsmålet frå utvalgsleiar.

Konklusjon

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/68-29
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune	34/21	04.10.2021

Orientering frå rådmann, oppfølging revisjonsrapport nr. 1 2020.

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Samandrag

Dette er oppfølging av vedtak om Eidfjord kommune sin årsrekneskap for 2020, PS 28/21

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Revisjonsrapport nr. 1 2020.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Eidfjord kommune gjorde slikt vedtak i PS 28/21 i møte 06.05.2021:

3. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 1 for 2020 frå Vestlandsrevisjon IKS ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 16.09.2021 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådingane i rapporten.

Revisjonsrapport 1 ligg ved saka.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Kommunen sin revisor, Vestlandsrevisjon IKS har peika på nokre områder for forbetring i kommunen. Dette gjeld mellom anna:

- Refusjon sjukepengar
- Periodisering av utgifter
- Anleggsregister
- Krav om konkurranseutsetting

Konklusjon

Det vert rådd til at kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Kopi:

Ordfører

Kommunedirektør

Økonomisjef

Eidfjord kommune

Kontrollutvalet

Voss, 26.04.2021

Revisjonsrapport nr.1

Årsrekneskapen 2020

Vi har revidert kommunen sin årsrekneskap for 2020. Rekneskapen for 2020 er avlagt etter reglane i ny kommunelov. Dette har medført nokre endringar i framlagt rekneskap for år 2020 samanlikna med tidlegare år.

Vårt arbeid er utført med heimel i Kommuneloven kapittel 24 som set nærare krav til revisjon av kommunen sin årsrekneskap. Kommuneloven § 24-2 krev at planlegging, gjennomføring og rapportering av revisjon skal skje etter krava i lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk. God kommunal revisjonsskikk fylgjer mellom anna av internasjonale revisjonsstandardar (ISA).

Vår hovudoppgåve er å konkludere på om årsrekneskapen er avlagt utan vesentlege feil. Revisjonshandlingane gir oss grunnlaget for denne konklusjonen. Desse handlingane er styrt av vurderingar i høve til risiko og vesentlegheit og vår kjennskap til kommunen og vil mellom anna omfatte stikkprøver, analysar, fysisk inspeksjon, samtalar med leiinga og kontroll mot ulik ekstern informasjon.

I denne rapporten vil vi kommentere nokre forhold som følgjer av vår revisjonsgjennomgang.

Årsrekneskapen

Årsrekneskapen og årsmeldinga vart levert til revisjon innan lovpålagte fristar som var 22.februar og 31.mars. Årsrekneskapen er lagt fram med eit netto overskot på kr. 9.412.753,- før omsyn til budsjettert og pliktig bruk og avsetnad til fond. Me syner til kommunen si årsmelding for nærare skildring av årsrekneskapen sitt innhald.

Refusjon sjukepengar

Det er differanse mellom bokført refusjon sjukepengar og rapportert sjukepengar med krav om refusjon av arbeidsgivaravgift. Våre kontroller syner at differansen heller ikkje er rapportert i 1.termin 2021. Om refusjon av sjukepengar ikkje vert rapportert på terminoppgåver for arbeidsgjevaravgift, kan kommunen risikerer tap av refunderbar arbeidsgjevavgift.

Periodisering av utgifter

Kommunen nyttar leverandørreskontro som balansepost for periodisering av utgifter. Som konsekvens vil bokført leverandørgjeld ikkje syna reell leverandørgjeld pr. 31.12.2020. Forholdet er drøfta med leing og praksis vert endra frå år 2021.

Anleggsregister

Fleire av prosjekta i investering er tvilsame i høve til vilkåra i KRS 4. Vi vil oppmode til at ein i samband med prosjektprosessar vurderer prosjekta i høve til kriteria i KRS 4 og dokumenterer vurderinga. Dersom kommunen ynskjer det, kan revisjonen bidra i drøftingar kring vurderingar av prosjekter, slik at eventuelle problemstillingar kan avklarast før prosjektet vert klassifisert i rekneskapen.

Utskrift av anleggsregisterert har ikkje vore lagt fram for revisjonen og det har av den grunn vore mangelfull dokumentasjon av anleggsmidlar. Revisjonen har utført alternative kontrollhandlingar og skjønn.

Interim 2020

Tekniske tenester har vore kontrollert i interimsrevisjonen. Det er gjennomført analysar, stikkprøver og etterberekningar av blant anna sjølvkostområda. I tillegg til dette har me innhenta rutineskildringar og anna naudsynt informasjon frå administrasjonen.

Analyser og stikkprøver syner at det er marginale endringar av utgifter og inntekter på tenestenivå i kommunen. Det er god budsjettkontroll og utgifter er bokført i tråd med bokføringsregelverket og på rett art og teneste.

Då det har vore utfordrande, grunna nasjonale tilrådingar knytt til den pågåande pandemien, å planlegge kontrollhandlingar ute hjå kommunen i perioden interimsrevisjon vert utført, vil kontrollhandlingar knytt til walk-through-test og vurdering av gebyrfastsetting og fakturering til nærstående verta vidareført i 2021. Me har ingen indikasjonar på at område valt for kontroll har høg risiko for feil eller misleg framferd.

Etterlevingskontroll

Ny kommunelov innførte krav om forenkla etterlevingskontroll jf. §24-9. Lova trådde i kraft hausten 2019. Dette medførte at krav om å gjennomføre etterlevingskontroll gjaldt for rekneskapsåret 2019 og påfølgande år. Det vart hausten 2020 gjennomført etterlevingskontroll på offentlege anskaffingar.

Kontrollen vart gjennomført i tråd med RSK 301 – så langt det var mogeleg.

Av seks tilfeldige utvalde leverandørar med sum kjøp over kr. 100.000,-, er ein leverandør ikkje omfatta av reglane for offentlege anskaffingar (kulturmidlar). Ein leverandør hadde følgjearbeid på Bygdaheimen knytt til tidlegare utlyst konkurranse. Når det gjeld sekretariatfunksjonen for kontrollutvalet så viser avtalen at det ikkje har vore gjennomført konkurranse sidan avtalen vart inngått i 2005. For dei andre utvalde leverandørane kan administrasjonen ikkje syne til dokumentert gjennomført konkurranse innanfor krav i lova.

I tabellen er det administrasjonen som har fylt ut dei tre siste kolonnene.

		Avtale/konkurranse - J	dato på avtalen	ikkje aktuelt - årsak
Fylkeskasseraren i Hordaland	-1 400 783	Ja/Nei	29.03.2005	I hovudsak betaling for skuleskyss og sekretariatfunksjonen for KU.
				Avtalen gjeld sekretariatfunksjonen.
G.C. Rieber Salt AS	-448 227	Nei		
Lindum AS	-146 310	Nei		Ristgods
Roger Jordalen Maskin AS	-150 295	Ja/Nei		Følgjearbeid i forbindelse med kontrakt Bygdaheimen
Songkoret Toneskredo	-110 000	Nei		Kulturmidlar
Tess Vest AS	-198 592	Nei		Mange småkjøp

Me gjer merksam på at lova krev at inngåtte avtalar skal leggst ut i konkurranse jamleg, med eit intervall på 4 år, pluss evt. Opsjonar. Verdivurdering av anskaffinga vil i desse tilfelle vera estimert sum av innkjøp i avtaleperioden. Lova legg opp til at det bør føreligge rammeavtalar med dei leverandørane kor mange småkjøp, samla kjem over terskelverdi i løpet av året.

Revisjonsmelding for etterlevingskontrollen er oversendt kontrollutvalet.

Rapport på etterlevingskontroll for 2020 vert oversendt kontrollutvalet så snart kontrollhandlingane er utført. Revisjonen sin frist for utført arbeid er 30.06.2021.

Avsluttande kommentarar

Totalt for 2020 vurderer vi ikkje at rekneskapen for 2020 har vesentlege feil. Vi tek atterhald knytt til enkelte tilhøve i årsmeldinga, relatert til nye reglar ved ny kommunelov.

Med venleg helsing,

Vestlandsrevisjon IKS



Elin Bye

Oppdragsansvarleg



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2018/6-11
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utv.al	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune	35/21	04.10.2021

Oppfølging selskapskontroll Eigarstyring.

Forslag til vedtak

1. Informasjonen vart teken til orientering.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet på oppfølging av kommunestyret sitt vedtak i PS 20/046 innan 04.11.2021

Samandrag

Dette er oppfølging av vedtak i kommunestyret i Eidfjord kommune 01.10.2020, PS 20/046

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Eidfjord kommune gjorde slikt vedtak i PS 20/046:

På bakgrunn av selskapskontroll innan eigarskapsforvaltning i Eidfjord kommune ber kommunestyret rådmannen syta for:

1. Å utarbeida ei eigarskapsmelding, som jamleg vert revidert, minst ein gong i kvar valperiode. Meldinga bør innehalde ein oversikt over selskapa som kommunen har eigarinteresse i, kommunen sine prinsipp for eigarstyring og kommunen sitt formål med eigarskapet, jf. Lovvedtak 81 (2017-2018) og Prop. 46 L (2017-2018) (s. 314 -325).
2. At eigarskapsmeldinga set krav til ei generell opplæring til folkevalde og styremedlemmer. Ei slik opplæring bør finne stad innan eit år etter valet.
3. At eigarstrategien for dei einskilde selskapa vert revidert. Eigar strategien kan vere ein del av kommunen sin eigarskapsmelding, eller eit vedlegg til denne.
4. At det vert utarbeida ein eigarstrategi for Destinasjon Eidfjord.
5. At kommunen jamleg gjennomgår vedtektsfesta formål i selskapa, for å sikra at formål er i samsvar med eigar sine intensjonar og at det kjem klart fram kva selskapet skal drive med.
6. At Eidfjord kommune nyttar styreverv registeret til KS for å registrera folkevalde sine styreverv.
7. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.12.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet har invitert rådmannen til å orientere om oppfølging av rapport «Eigarstyring» etter kommunestyret sitt vedtak 01.10.2020. Jfr. Vedtaket punkt 7 er det ikkje motteke handlingsplan.

Det er svært sjeldan sekretariatet opplever at frist som kommunestyret har sett for å laga handlingsplan (plan for det vidare oppfølgingsarbeidet) vert overskriden med 10 månader.»

Konklusjon

Sekretariatet rår til at informasjonen i møtet i dag vert teken til orientering. Til møtet i kontrollutvalet 25.11.2021 må kontrollutvalet be om at det kjem ei skriftleg tilbakemelding til utvalet om oppfølging av kommunestyret sitt vedtak PS 20/046. Frist for ei slik tilbakemelding vert sett til 04.11.21



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2021/8-6
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utv.al	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune	36/21	04.10.2021

Forvaltningsrevisjon kommunen si rolle i næringsutvikling, løypemelding.

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

Samandrag

Denne saka er lekk i oppfølging av forvaltningsrevisjon, kommunen si rolle i næringsutvikling. Her kan revisjonen halde utvalet oppdatert på arbeidet gjennom milepæls/løype orienteringar.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Eidfjord kommune gjorde slikt vedtak i møte 04.02.2021, PS 4/21:

1. Kontrollutvalet ber Vestlandsrevisjon IKS gjennomføra forvaltningsrevisjon av kommunen si rolle i næringsutvikling, handsaming av plan og byggesaker med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og eventuelle innspel som kjem fram i møtet.
2. Kontrollutvalet mottok milepælsorienteringar frå revisor i kvart møte. Ved utarbeiding av delrapportar i prosjektet vert desse handsama undervegs.
3. Kontrollutvalet ønskjer at endeleg revisjonsrapport, ferdig verifisert og inkludert rådmannen sin uttale, kan handsamast i kontrollutvalet sitt siste møte i 2021

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel kommunestyret som har avgjersmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

Forvaltningsrevisjonen har slikt føremål og slike problemstillingar:

Føremål:

Sjå på næringsutvikling knytt til plan og byggesaker i Eidfjord kommune.

1. Organisering av plan- og byggesaker

Her inngår fylgjande tema:

- Organisering
- Rollar og ansvar
- Myndigheit
- Ressursar
- Kompetanse

2. Kommunen sine reglement og rutinar for handsaming av plan- og byggesaker

Her inngår fylgjande tema:

- Delegering
- Habilitet
- Kvalitetssikring

3. Er saksbehandlingen i byggesaker i tråd med god forvaltningsskikk og gjeldende regelverk innen plan- og byggesaksområdet ?

Me vil gjennomgå eit utval byggsaker og kontrollere:

- Etterleving av kommunen sine saksbehandlingsrutinar
 - Veiledning og service til byggjesøklarane
 - Etterleving av planverk
 - Dispensasjonssøknader
-
- Vedtak og svargjeving
 - Sakshandsamingsfristar
 - Tilsyn og ferdigattest
 - Klagebehandling
 - Saksgrunnlag for politisk behandling
 - Arkivrutinar

I møtet 06.05.2021 orienterte revisjonen om følgjande (utdrag frå protokoll)

Arne Gilbakken frå Vestlandsrevisjon IKS orienterte utvalet og var innom mellom anna slike punkt.

- Særs stor bruk av dispensasjon i kommunen
- Det er ikke vedteke nytt delegasjonsreglement i kommunen

I dette møtet vil Vestlandsrevisjon IKS på nytt orientere om status og framdrift så langt i prosjektet.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. prosjektplan eller leveringstid, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/68-30
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune	37/21	04.10.2021

Rapport etterlevingskontroll Eidfjord kommune 2020.

Forslag til innstilling

Etterlevingskontroll gjeldande Eidfjord kommune 2020 vert teken til etterretning.

Samandrag

Revisor skal etter ny kommunelov levere rapport om resultatet av gjennomført forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga i kommunen.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Rapport etterlevingskontroll Eidfjord kommune 2020.
- 2 Rapport etterlevingskontroll Eidfjord kommune 2020.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I den nye kommunelova § 24-9 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen, står det dette:

«Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.»

På bakgrunn av dette har Vestlandsrevisjon IKS levert Attestasjonsuttale frå uavhengig revisor om etterleving av føresegrer og vedtak for økonomiforvaltninga.» sjå vedlegg.

Vestlandsrevisjon IKS konkluderar slik:

Basert på dei utførte handlingane og innsamla bevis er vi ikkje blitt merksame på tilhøve som gjev oss grunn til å tru at Eidfjord kommune har vesentlege svakheiter kring rutinar for handsaming av sjukelønsrefusjonar etter folketrygdlova § 22-3.

Attestasjonsoppdraget har avdekka tilhøve på området for kontrollen som leier til presisering i vår konklusjon. Det føreligg etter vår vurdering enkelte manglar eller svakheiter ved kommunen sine rutinar for handsaming av sjukelønsrefusjonar etter folketrygdlova § 22-3. Dette er nærare omtala i rapport datert 30.6.2021. Tilhøva er etter vår vurdering ikkje så vesentleg at det leier til atterhald i vår konklusjon.

Denne uttalen er utelukkande utarbeidd for å gje kontrollutvalet eit betre grunnlag for å ivareta sitt sjå til ansvar med økonomiforvaltninga og til Eidfjord kommune sin informasjon, og er ikkje nødvendigvis eigna til andre føremål.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å gje uttale i denne saka, jf. Forskrift om årsregnskap og årsberetning § 7.

Vurderingar og verknader

Revisor skriv slik i sin rapport:

Risiko og vesentlegvurdering - val av tema for 2020

Revisjonen gjennomfører jamleg risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si samla verksemd, både i samband med forvaltningsrevisjon og rekneskapsrevisjon. På grunnlag av desse vurderingane og våre erfaringar med kommunesektoren har vi for 2020 vald sjukelønsrefusjonar som tema.

Etter Folketrygdlova § 22-3 har arbeidsgjevar, som betaler løn i periode der arbeidstakar har rett på gitte ytingar etter folketrygdlova, rett til å få ytingar utbetalt til seg. Sjukelønsrefusjonar utgjorde om lag 4,91 millionar kroner i rekneskapen til Eidfjord kommune i 2020.

Føremålet med etterlevingskontrollen er å undersøkje om kommunen har etablert rutinar som er eigna til å sikre at kommunen ikkje tapar sjukelønsrefusjon, jf. folketrygdlova §22-3.

Problemstillingar og kriterium

Overordna problemstilling

Har Eidfjord kommune etablert gode rutinar for handsaming av sjukelønsrefusjonar?

Revisjonskriterium

Etter kommuneloven § 25-1 er kommunedirektøren ansvarleg for kommunen sin internkontroll. Internkontrollen skal vere systematisk og tilpassa kommunen sin storleik, eigenart, aktivitet og risikoforhold.

Oppfølging og handsaming av krav om refusjon av sjukeløn er eit relativt komplekst og krevjande regelverk. Det er difor viktig at kommunen har etablert gode rutinar som plasserer ansvar og oppgåver i samband med sjukemeldingar og sjukelønsrefusjonar for å handsame desse på ein god måte og innan dei foreldingsfristar som gjeld for refusjonar frå NAV.

Vidare bør rutinane vere eigna til å sikre at tilhøve som gjev rett på redusert arbeidsgjevarperiode i samband med sjukeløn vert fanga opp og omsøkt for å redusere kommunen sine kostnader i samband med sjukefråvær.

o Det bør vere etablert rutinar for handsaming av sjukelønsrefusjonar som plasserer ansvar og oppgåver i samband med sjukemeldingar og sjukelønsrefusjonar for å sikre at refusjonskrav vert fanga opp og sendt inn innan fristen.

o Relevante tilsette bør vere kjent med rutinane, eige ansvar, oppgåver og regelverk i samband med sjukelønsrefusjonar

o Tilhøve som gjev rett til redusert arbeidsgjevarperiode bør vere kjent blant relevante tilsette.

Vidare skriv revisor mellom anna slik i si oppsummering.

Undersøkinga syner at kommunen for ein del har etablert skriftlege rutinar som plasserer ansvar og oppgåver i samband med sjukemeldingar og sjukelønsrefusjonar. Skriftlege rutinar er med å sikra at refusjonskrav vert fanga opp og sendt innan fristen.

Konklusjon

Sekretariatet rår til at kontrollutvalet innstiller til kommunestyret om å ta forenkla etterlevingskontroll til etterretning.

REFUSJON AV SJUKELØN

Forenkla etterlevingskontroll 2020

Eidfjord kommune

30.06.2021

Oppgåve, føremål og bakgrunn

Etter kommunelova § 24-9 skal kommunen sin rekneskapsrevisor utføre ein forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltinga. Føremålet er å sjå etter om økonomiforvaltinga i hovudsak skjer i samsvar med lovar og reglar. Val av område for forenkla etterlevingskontroll skal skje med bakgrunn i ei risiko- og vesentlegvurdering.

Risiko- og vesentlegvurderinga skal identifisere aktuelle område for forenkla etterlevingskontroll. Vidare blir risikoen ved dei aktuelle områda vurdert. Vurdering av risiko er samansett av to element, konsekvens dersom risikofaktoren inntreff og sannsynet for at det skjer.

Resultatet av etterlevingskontrollen vil bli sendt til kontrollutvalet for handsaming.

Risiko og vesentlegvurdering – val av tema for 2020

Revisjonen gjennomfører jamleg risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si samla verksemd, både i samband med forvaltningsrevisjon og rekneskapsrevisjon. På grunnlag av desse vurderingane og våre erfaringar med kommunesektoren har vi for 2020 vald sjukelønsrefusjonar som tema.

Etter Folketrygdlova § 22-3 har arbeidsgjevar, som betaler løn i periode der arbeidstakar har rett på gitte ytingar etter folketrygdlova, rett til å få ytingar utbetalt til seg. Sjukelønsrefusjonar utgjorde om lag 4,9¹ millionar kroner i rekneskapen til Eidfjord kommune i 2020.

Føremålet med etterlevingskontrollen er å undersøkje om kommunen har etablert rutinar som er eigna til å sikre at kommunen ikkje tapar sjukelønnsrefusjon, jf. folketrygdlova §22-3.

Problemstillingar og kriterium

Overordna problemstilling

Har Eidfjord kommune etablert gode rutinar for handsaming av sjukelønsrefusjonar?

Revisjonskriterium

Etter kommuneloven § 25-1 er kommunedirektøren ansvarleg for kommunen sin internkontroll. Internkontrollen skal vere systematisk og tilpassa kommunen sin storleik, eigenart, aktivitet og risikoforhold.

Oppfølging og handsaming av krav om refusjon av sjukeløn er eit relativt komplekst og krevjande regelverk. Det er difor viktig at kommunen har etablert gode rutinar som plasserer ansvar og oppgåver i samband med sjukemeldingar og sjukelønsrefusjonar for å handsame desse på ein god måte og innan dei foreldingsfristar som gjeld for refusjonar frå NAV. Vidare bør rutinane vere eigna til å sikre at tilhøve som

¹ Konto 17100

gjev rett på redusert arbeidsgjevarperiode i samband med sjukeløn vert fanga opp og omsøkt for å redusere kommunen sine kostnader i samband med sjukefråvær.

- Det bør vere etablert rutinar for handsaming av sjukelønsrefusjonar som plasserer ansvar og oppgåver i samband med sjukemeldingar og sjukelønsrefusjonar for å sikre at refusjonskrav vert fanga opp og sendt inn innan fristen.
- Relevante tilsette bør vere kjent med rutinane, eige ansvar, oppgåver og regelverk i samband med sjukelønsrefusjonar
- Tilhøve som gjev rett til redusert arbeidsgjevarperiode bør vere kjent blant relevante tilsette.

Tilnærming og gjennomføring

For å kunne svare på problemstillingane har vi bedt om å få tilsendt følgjande dokumentasjon frå kommunen:

- Kommunen sine rutinar, prosedyrar og oppgåve/ansvarsfordeling i samband med sjukefråvær og innkrevjing av refusjonar
- Oversikt over kommunalt tilsette med rolle i samband med sjukefråvær (t.d. einingsleiarar) samt e-postadresse til desse.
- Oversikt over tappt sjukelønnsrefusjon for 2020.
- Oversikt over uteståande refusjonar med forfall 30 eller færre dagar per 31.12.2020.²

Vi har også gjennomført ei undersøking blant leiarar/mellomleiarar med ansvar for oppfølging og mottak av sjukemeldingar som kjem i Altinn. I denne undersøkinga ber vi dei gje uttrykk for eiga rolle, ansvar, kunnskap og opplæring. Undersøkinga vart sendt til 14 tilsette, av desse har 5 svara på undersøkinga, noko som inneber ein svarprosent på 36 %. Fordi svarprosenten er noko låg, er det ikkje mogleg å konkludera med sikkerheit basert på dataa. Vi vil difor bruka dei som peikepinn/indikasjon på korleis ting er.

Tilsendt informasjon frå kommunen vil saman med informasjon vi får gjennom undersøkinga, etter vår vurdering, vere tilstrekkeleg til å vurdere kommunen sin praksis i høve til problemstillingar og etablerte kriterium.

Dei gjennomførte handlingane inneber ikkje ein fullstendig gjennomgang av kommunen sitt arbeid i samband med sjukelønsrefusjonar. Dette har samband med at føremålet med etterlevingskontrollen er å vurdere på systemnivå og ikkje detaljkontrollera kommunen sin praksis.

Oppdragsansvarleg revisor er Elin Bye, utførande revisorar er Ragnhild K. Høyland og Linda V.M. Præstiin

² Ingen av dei førespurde kommunane har presentert slik oversikt.

Undersøkt problemstilling – har Eidfjord kommune etablert gode rutinar for handsaming av sjukelønsrefusjonar?

Det bør vere etablert rutinar for handsaming av sjukelønsrefusjonar som plasserer ansvar og oppgåver i samband med sjukemeldingar og sjukelønsrefusjonar og sikrar at refusjonskrav vert fanga opp og sendt inn innan fristen.

Vi har fått tilsendt kommunen sine «Retningslinjer for oppfølging av sjukemelde». Retningslinjene omfattar blant anna ei oversikt over kva den sjukemelde skal gjera frå dag 1 og utover, ein oppfølgingsplan, informasjon om oppfølging av hyppig kortidsfråvær, og samt rollar og oppgåver. I dokumentet er det fokus på at:

- Den sjukemelde skal levere sjukemelding og når tid.
- Den sjukemelde må gje melding om eventuell uttak av ferie i sjukemeldingsperioden eller arbeid utover sjukemeldingsgraden.
- Næraste leiar kan ta opp med tilsett, om det er aktuelt å søkje om fritak for arbeidsgjevarperioden, etter at den tilsette har hatt fråvær 3 gangar i løpet av 3 månadar.

Ansvar og oppgåver i samband med å følgje opp at det vert levert sjukemeldingar er ikkje særskilt omtalt i retningslinjene.

I samband med etterlevingskontrollen har vi fått ei skildring av ansvar og oppgåver der det står følgjande om ansvar og oppgåver:

- Einingsleiarar har ansvar for å ta imot og følgje opp sjukemeldingar som kjem i Altinn, og kontrollere at sjukemelde sender søknad om sjukepengar vidare til NAV. Det siste er det, ifølgje kommunen, ikkje så gode rutinar på blant leiarane, noko som gjer det arbeidskrevjande å følgje opp frå sentralt hald. Leiarane har også ansvar for å følgje opp sjukemelde.
- Økonomikontoret har ansvar for å sende krav om sjukelønsrefusjonar til NAV og utføre alle handlingar knytt til dette, inkludert purring knytt til uteståande krav.

På førespurnad om oversikt over tapt sjukelønnsrefusjon for 2020, opplyser kommunen at det ikkje er tapt noko.

Relevante tilsette bør vere kjent med rutinane, eige ansvar, oppgåver og regelverk i samband med sjukelønsrefusjonar

I undersøkinga svarar 40 % at det føreligg skriftlege rutinar for kva som er deira rolle, oppgåve og ansvar i samband med sjukemeldingar og refusjonar, 40 % er usikker, medan 20 % svarar nei.

Ein respondent opplyser at han har ansvar for rutinar for oppfølging av sjukemelde, og at desse vert praktisert i organisasjonen. Dei andre respondentane svarar at dei har oppgåver og ansvar knytt til mottak og oppfølging av sjukemeldingar. Fleire nemner at dei sjekkar at sjukemeldingar er rett utfylt og at dei

registrerer fråvær. Papirsjukemeldingar vidare sender dei fleste til økonomikontoret, medan ein sender den til NAV og ber om å få den tilsendt digitalt.

På spørsmål om dei har fått opplæring i relevant regelverk og system for å utøve si rolle oppgåve og ansvar i samband med sjukemeldingar og refusjonskrav svarar 40 % ja og 40 % nei. Ein har ikkje svart. På spørsmål om dei har den kunnskapen dei treng for å utøve si rolle, oppgåver og ansvar i samband med sjukefråvær og sjukelønsrefusjonar svarar 40 % nei, medan 40 % svarar ja.

Alle respondentar opplever at dei får den hjelp og støtte dei treng frå økonomikontoret i samband med utøvinga.

Tilhøve som gjev rett til redusert arbeidsgjevarperiode bør vere kjent blant relevante tilsette.

I spørjeundersøkinga gjennomført blant tilsette med oppfølging av sjukemelde, svarar 20% at dei ikkje kjenner til kva situasjonar som gjev redusert arbeidsgjevarperiode, 20 % svarar «Når ein har fått fritak frå arbeidsgjevaravgifta?» og 40 % viser til anten koronarelatert fråvær eller langvarig/kronisk sjukdom. Ingen av respondentane nemner svangerskapsrelatert sjukdom, og ingen av respondentane nemner både svangerskap, kronisk sjukdom og korona-relatert sjukdom.

På spørsmål om dei har særskilte oppgåver dersom ein tilsett dei har ansvar for er sjukemeld og kortare arbeidsgjevarperiode er aktuelt, er 40 % usikre, 20 % svarar søkje om fritak, og 20 % følgje opp den tilsette tidleg. Resten har ikkje svart.

Ingen av respondentane svarar at dei kjenner til at kommunen har tapt refusjon knytt til ein av sine tilsette i 2020.

Oppsummering og konklusjon

Undersøkinga syner at kommunen for ein del har etablert skriftlege rutinar som plasserer ansvar og oppgåver i samband med sjukemeldingar og sjukelønsrefusjonar. Skriftlege rutinar er med å sikra at refusjonskrav vert fanga opp og sendt innan fristen.

Kommunen har sendt oss:

- «Retningslinjer for oppfølging av sjukemelde»
- ei skildring knytt til denne etterlevingskontrollen med skildring av ansvar og oppgåver.

Etter vår vurdering, plasserer retningslinjene og informasjon i skildringa over tydeleg:

- ansvaret for å levere sjukemelding på den sjukemelde,
- ansvaret for å følgje opp tilsett med hyppig korttidsfråvær og vurderer om fritak for arbeidsgjevarperioden er aktuell, på einingsleiar.
- ansvaret for å følgje opp sjukemeldingar, at søknadar om sjukepengar vert sendt på einingsleiar,
- ansvaret for å sende refusjonskrav på økonomikontoret

Rutinane omtalar ikkje ansvar for å følgje opp at det vert levert sjukemelding.

Etter vår vurdering, kan ei skriftleggjering av ansvar til einingsleiarane med å kontrollere at sjukemelde sender søknad om sjukepengar vidare til NAV (jf. skildringa), bidra til å tydeleggjere ansvar og å sikra at kommunen får inn sjukelønsrefusjon.

Basert på spørjeundersøkinga kan det framstå som om einingsleiarane/respondentane har ein annan oppfatning av kva deira rolle, oppgåve og ansvar er, sett opp mot ansvarsskildringa som vi har fått frå kommunen.

Respondentane nemner oppfølging av sjukemeldingar og sjukemelde som ansvarsområde. Dei nemner ikkje ansvar for å kontrollere at sjukemelde sender søknad om sjukepengar vidare til NAV, eller vurdering av om det føreligg tilhøve som kan leie til redusert arbeidsgjevarperiode.

Det varierer om respondentane opplever at dei har tilstrekkeleg kjennskap til rutinane, kunnskap og opplæring i samband med sjukelønsrefusjonar, eller ikkje.

Svara frå respondentane kan tyde på at det kan vera aktuelt med:

- informasjon om rutinane for kva deira rolle, oppgåve og ansvar er,
- ei oppfrisking knytt til relevant regelverk og system for å utøve si rolle, oppgåve og ansvar i samband sjukemeldingar og refusjonskrav,
- informasjon om tilhøve som gjev rett til redusert arbeidsgjevarperiode – mesteparten av respondentane er ikkje tilstrekkeleg kjent med desse

Respondentane opplyser at dei får nødvendig støtte frå økonomiavdelinga. Det kan vera ein indikasjon på at økonomiavdelinga er med og sikra at moglege refusjonskrav vert fanga opp og sendt inn innan fristen. Vi meiner likevel at manglande kunnskap/usikkerheit kring regelverk, især kring redusert arbeidsgjevarperiode nemnt over, kan føre til tap av refusjonar.

Attestasjonsuttale frå uavhengig revisor om etterleving av føresegner og vedtak for økonomiforvaltinga.

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, i samband med Eidfjord kommune si etterleving av føresegner og vedtak for økonomiforvaltinga på følgjande område:

Sjukelønsrefusjonar

Overordna problemstilling er om kommunen har etablert gode rutinar for handsaming av sjukelønsrefusjonar etter folketrygdlova § 22-3.

Kriterium for etterlevingskontrollen er:

- Det bør vere etablert rutinar for handsaming av sjukelønsrefusjonar som plasserer ansvar og oppgåver i samband med sjukemeldingar og sjukelønsrefusjonar for å sikre at refusjonskrav vert fanga opp og sendt inn innan fristen.
- Relevante tilsette bør vere kjent med rutinane, eige ansvar, oppgåver og regelverk i samband med sjukelønsrefusjonar
- Tilhøve som gjev rett til redusert arbeidsgjevarperiode bør vere kjent blant relevante tilsette.

Leiinga sitt ansvar for etterleving av føresegner og vedtak for økonomiforvaltinga

Kommunedirektøren er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørgjer for at økonomiforvaltinga vert utøvd i tråd med føresegner og vedtak, og at økonomiforvaltinga er gjenstand for tryggjande kontroll.

Vår uavhengigheit og kvalitetskontroll

Vi har utført oppdraget i samsvar med etiske retningslinjer for revisjonsselskapet, som inneheld uavhengigheitskrav og andre krav basert på grunnleggjande prinsipp om integritet, objektivitet, fagleg kompetanse og tilbørlig aktsemd, fortrulegheit og profesjonell framferd.

I samsvar med internasjonal standard for kvalitetskontroll ISQC 1 «Kvalitetskontroll for revisjonsfirmaer som utfører revisjon og forenklet revisorkontroll av regnskaper samt andre attestasjonsoppdrag og beslektede tjenester» har Vestlandsrevisjon IKS eit tilstrekkeleg kvalitetskontrollsystem, herunder dokumenterte retningslinjer og rutinar for etterleving av etiske krav, faglege standardar og krav i gjeldande lovgjeving og annan regulering.

Våre oppgaver og plikter

Vår oppgave er å avgje ein uttale om etterleving av føresegner og vedtak for økonomiforvaltinga på grunnlag av innhenta bevis. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat tryggleik i samsvar med føresegnene i kommuneloven og RSK 301 «forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen». Standarden krev at vi planlegg og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerheit for i kva grad det føreligg vesentlege feil eller manglar ved etterleving av føresegn og vedtak i kommunen si økonomiforvalting på det området vi har gjort forenkla etterlevingskontroll.

Vi baserer oppgåva på ei risiko- og vesentlegvurdering som er lagt fram for kontrollutvalet.

Utføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i høve til RSK 301, inneber å utføre handlingar for å innhente bevis for at føresegner og vedtak for økonomiforvaltinga vert etterlevd. Typen, tidspunktet for og omfanget av dei valde handlingane er gjenstand for revisor sitt skjønn. Moderat sikkerheit har klart lågare sikkerheitsgrad enn betryggende sikkerheit, og vi gjev følgjeleg ikkje uttrykk for same nivå av sikkerheit som i ei revisjonsmelding

Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkeleg og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Basert på dei utførte handlingane og innsamla bevis er vi ikkje blitt merksame på tilhøve som gjev oss grunn til å tru at Eidfjord kommune har vesentlege svakheiter kring rutinar for handsaming av sjukelønsrefusjonar etter folketrygdlova § 22-3.

Presisering

Attestasjonsoppdraget har avdekka tilhøve på området for kontrollen som leier til presisering i vår konklusjon. Det føreligg etter vår vurdering enkelte manglar eller svakheiter ved kommunen sine rutinar for handsaming av sjukelønsrefusjonar etter folketrygdlova § 22-3. Dette er nærare omtala i rapport datert 30.6.2021. Tilhøva er etter vår vurdering ikkje så vesentleg at det leier til atterhald i vår konklusjon.

Denne uttalen er utelukkande utarbeidd for å gje kontrollutvalet eit betre grunnlag for å ivareta sitt sjå til ansvar med økonomiforvaltinga og til Eidfjord kommune sin informasjon, og er ikkje nødvendigvis eigna til andre føremål.

Voss, 30.06.2021

VESTLANDSREVISJON IKS

Elin Bye

Oppdragsansvarleg revisor

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Elin Bye

Oppdragsansvarleg revisor

Serienummer: 9578-5993-4-1740859

IP: 88.88.xxx.xxx

2021-06-30 21:13:35Z



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/118-8
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune	38/21	04.10.2021

Budsjett for kontrollarbeidet 2022

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Eidfjord kommune for 2022 inkludert endringar som vert gjort i møtet.
2. Budsjettforslaget skal følgje sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2022.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal leggje fram forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Eidfjord kommune for 2022.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Talbudsjett for kontrollarbeidet
2022

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Av forskrift for kontrollutvalg og revisjon kan en i § 2 «*Kontrollutvalgets rolle i fastsettelsen av budsjett for kontrollarbeidet*» lese:

«Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.»

Kontrollutvalet sine oppgaver: (Kommunelova)

§ 23-2 Kontrollutvalgets ansvar og myndighet

Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet skal utarbeide budsjettforslag for kontrollarbeidet, medan det er kommunestyret som har vedtakskompetansen i saka, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2.

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet er gjeve ansvaret i høve Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2 til å utarbeida budsjettforslag for kommunen sitt kontrollarbeid. Budsjettforslaget vert innstilt direkte til politisk organ då det er administrasjonen som i hovudsak vert gjenstand for kontroll og revisjon.

For revisjonstenestene er det teke utgangspunkt i avtale mellom Eidfjord kommune og Vestlandsrevisjon IKS

Vidare er det lagt til grunn at det vanlegvis er 4 møter i kontrollutvalet for året, med om lag like stor saksmengde som «eit vanleg år». Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste for medlemene i kontrollutvalet er her budsjettet i høve reglement. Kostnader er medteke slik at medlemmar i kontrollutvalet kan delta på ein nasjonal fagleg kontrollkonferanse, deltaking på folkevaldopplæring, medlemskap i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT), servering på utvalsmøta og ein diversepost. Det er lagt inn ein sum til ekstra tiltaksmidlar til eventuelle ad-hoc oppgaver som til dømes øvrig forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll, utgreiing og ekstra oppgaver som til dømes bestillingar frå Kommunestyret og oppfølging etter medieoppslag.

Pris for tenestene sekretariatet gjer for kontrollutvalet er lagt inn i høve avtale mellom Vestland fylkeskommune og Eidfjord kommune.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet vedtek forslag til budsjett inkludert dei endringar som vert gjort i møtet.

Budsjettforslag for kontrollutvalet i Eidfjord kommune for 2022

Konto	Tekst		Rekneskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Merknad
10800	Godtgjersle folkevalde		kr 16 891	kr 26 440	kr 26 440	5 medlemmer av utvalet
10803	Tapt arbeidsforteneste		kr 8 420	kr 6 000	kr 6 000	
10803	Feriepenger tapt arbeidsforteneste		kr -	kr 720	kr 720	
	Delsum		kr -	kr 33 160	kr 33 160	
10990	Arbeidsgiveravgift (AGA)		kr 2 699	kr 3 979	kr 3 515	
	Delsum			kr 37 139	kr 36 675	
11000	Diverse			kr 2 000	kr 2 000	
11002	Abonement		kr 13 080	kr 9 100	kr 13 080	
11002	Abonement		kr -	kr -	kr -	
11151	Servering på møta		kr 235	kr 6 000	kr 6 000	
11204	Reiseutg.m.m. ikkje oppg. pl.		kr 2 375	kr -	kr -	
11500	Kurs/konferanse		kr 17 300	kr 10 000	kr 10 000	Kurs og konferanse, t.d FKT
11500	Folkevaldopplæring for kontrollutvalet		kr -	kr -	kr 25 000	Folkevaldoppl. 2022
11600	Reise- og opphaldsutgifter oppg.pl.			kr 4 000	kr 4 000	Reise ifm. konferanser
11601	Køyre godtgjersle tilsette		kr 4 962	kr 5 000	kr 5 000	
11951	Kontingentar		kr 3 500	kr 3 500	kr 3 700	Forum for Kontroll og Tilsyn
13300	Kjøp av sekretariatstenester		kr 137 275	kr 137 200	kr 142 100	I høve avtale
12700	Kjøp av konsulenttenester		kr -	kr -		
13750			kr -	kr -	kr -	
13750	Ekstra tiltaksmidler			kr 20 000	kr 20 000	
	Delsum		kr -	kr 196 800	kr 230 880	
14290	Meirverdiavgift		kr 47 049	kr 47 205	kr 55 675	
17290	Moms-kompensasjon		kr -47 049	kr -47 205	kr -55 675	
13750	Vestlandsrevisjon IKS		kr 505 891	kr 540 442	kr 557 196	I høve avtale
13750	Pensjon tidlegare tilsette i IHR			kr 60 000	kr 60 000	Estimert tal
14500	Overført til andre kommunar					
	Total budsjetttramme		714 021,72	kr 834 381	kr 884 751	

* Ny avtale med revisor frå 2021: 540442 kr i fastpris inkl. 200 t til forv.rev



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/69-15
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utvæl	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune	39/21	04.10.2021

Eventuelt

Forslag til vedtak

Ikkje framlagt

Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til å sjølv ta opp saker eller gjere vedtak i saker som ikkje er på saklista.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet har vedteke å ha eventuelt som fast sak i kvart møte. Dette føl av kommunelova § 11-3 siste avsnitt som seier:

«Et folkevalgt organ kan fatte vedtak i en sak som ikke er oppført på sakslisten, hvis ikke møtelederen eller 1/3 av de møtende medlemmene motsetter seg det. På tilsvarende måte kan organet fatte vedtak i en sak der saksdokumentene ikke er sendt ut sammen med innkallingen, hvis ikke møtelederen eller 1/3 av de møtende medlemmene motsetter seg det.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalget har vedtakskompetanse i denne saka, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2

Vurderingar og verknader

Dersom det vert teke opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet er å gje opning for å få nærare undersøkingar av saker som kontrollutvalet ønskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Dessuten eventuelt å få orientering frå rådmannen eller andre i eit seinare møte.

Referatsaker**RS 14/21 Budsjettbrev Eidfjord kommune frå statsforvaltar**



Eidfjord kommune
Simadalsvegen 1
5783 EIDFJORD

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marit Lunde, 57 64 30 05

Eidfjord kommune - budsjett 2021 og økonomiplan 2021 - 2024

Eidfjord kommunestyre har i møte 14.12.2020, sak 066/20, handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan for 2021 – 2024. Statsforvaltaren har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjetttert med uspesifiserte innsparingar. Dette brevet er ei enkel tilbakemelding om korleis Statsforvaltaren vurderer kommunens økonomi og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Som følge av covid-19 får kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i kommunens opphavlege budsjett og økonomiplan, og vi vil følge konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sett i verk.

Oppsummering

Det er budsjetttert med positive netto driftsresultat i heile planperioden, og resultata ligg godt over det anbefalte nivået frå TBU (Teknisk berekningsutval) på 1,75 prosent. Sjølv om resultata viser ein nedgang i slutten av perioden har kommunen likevel ei god betjeningsevne, og finansierer både investeringane i 2021 og 2024 med tidlegare avsette fondsmidlar.

Kommunen har god økonomi til å yte tenester til innbyggjarane sine, men er og klar på utfordringane som kan ligge i at ein stor del av inntektene kjem frå kraftproduksjon. Førre år viser at økonomien kan komme under press grunna forhold som kommunen ikkje sjølv rår over. Folketalet har gått noko ned dei siste åra, noko som kan utfordre tilgang til kompetanse og arbeidskraft.



Budsjett 2021

Budsjettet er i balanse med eit netto driftsresultat på 14,3 mill. kroner, som utgjør 7,8 prosent av brutto driftsinntekter. Delar av overskotet blir overført til investering og resten avsett til fond.

Budsjetterte skatteinntekter og rammetilskot (frie inntekter) ligg noko lågare samanlikna med oppdatert KS-prognosemodell etter saldert statsbudsjett og skattetal for 2020. Det budsjetterte netto driftsresultatet for 2020 utgjør 9,9 prosent.

Sum investeringar i anleggsmidlar utgjør 14,3 mill. kroner, der den største investeringa er oppstart av Sysendalen reinseanlegg med 5 mill. kroner. Alle investeringane i 2021 skal finansierast med eigne midlar og bruk av fond. 2 mill. kroner er vedteke lånefinansiert til vidare utlån.

Økonomiplan 2021 – 2024

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premisser som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter er positivt i heile perioden, og utgjør 5,6 prosent i 2022, 5 prosent i 2023 og 4 prosent i 2024. Resultata er planlagt avsett til fond og til eigenfinansiering av investeringar. Sjølv om det er knytt noko usikkerheit til tala, og at kommunen skal bruke fond til å finansiere investeringane i 2021 og 2024, legg ein opp til ein auke i fri eigenkapital ved å auke disposisjonsfondet i løpet av økonomiplanperioden.

Samla investeringar i planperioden utgjør 55,2 mill. kroner. 30 mill. kroner av desse skal lånefinansierast og er knytt til VAR-investeringar.

Overføringar til tenesteeiningane viser om lag same nivå i planperioden, sett bort frå prisstigning og aktivitetsnivå.

Finansielle måltal

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling av kommunens økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid.

Kommunestyret har vedteke følgjande handlingsreglar/finansielle måltal i prosent av brutto driftsinntekter:

- netto driftsresultat 10 prosent
- disposisjonsfond 25 prosent
- lånegjeld innanfor 90 prosent

Måltala bør haldast eller vera nådd i løpet av økonomiplanperioden.

Statsforvaltarens vurderingar

Kommunen budsjetterer i samsvar med prognosemodellen til KS etter statsbudsjettet. Inntekter frå kraftproduksjon gjer at kommunen framleis har solid økonomi og god handlefridom.

Måltala ligg godt over snittet for landet, det same gjer inntektene. Det er teke høgde for ekstra utgifter som følge av investeringane som er planlagde i perioden. Eidfjord ligg under måltalet for langsiktig gjeld på



maksimum 90 prosent av brutto inntekter heile perioden, og også godt under snittet for kommunane i landet.

Budsjett- og økonomiplandokumenter er oversiktlege og gode plan- og styringsdokument. Det er bra at overordna mål, kvalitet og utviklingsoppgåver er definerte for kvart tenesteområde.

Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid
ass. statsforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Medlemsinformasjon september 2021

Høsten er her enten vi liker det eller ikke. Det fine med høsten er at vi får mer innetid som kan brukes på litt faglig oppdatering:

Kurs og konferanser

[Kontrollutvalgslederskolen 2021, 18.-19. oktober](#) (fysisk og digital)

For å få gjennomført det faglige opplegget på en best mulig pedagogisk måte, har vi satt et tak på antall deltakere på ca. 50 personer for det fysiske arrangementet.

Kontrollutvalgsmedlemmer kan melde seg på, men lederne vil bli prioritert. Vi holder av noen plasser til sekretariat. Det er ennå noen plasser igjen. Ta en titt på programmet. Her er det mye bra. Fristen for påmelding til fysisk samling er 24. september. Fristen for påmelding digitalt er 17. oktober.

Vi er i gang med å planlegge kurs om hvordan kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskap og årsberetning kan gjøres mer informativ og spennende. Det blir et digitalt arrangement på Teams, ca. midten av januar. Det kommer mer informasjon om i løpet av høsten.

For de av dere som er tidlig ute med å legge møteplaner, kan det være verdt å merke seg datoen for konferansene våren 2022: Sekretariatskonferansen 2022, Scandic Lillestrøm, 16.-17. mars og Fagkonferanse og årsmøte 2022, Lily Contry Club 8.-9. juni 2022

Veileder for sekretariatets håndtering av personopplysninger

Sekretariatene har visse plikter etter personvernregelverket når personopplysninger samles inn og brukes. FKT har derfor utarbeidet en mal som kan være til hjelp slik at sekretariatene kan få bedre oversikt over behandling av personopplysninger. Formålet er å sikre at personopplysninger behandles på en forsvarlig måte. Vi hadde digitalt høringsmøte 13. september. Det var bra oppslutning. Frist for å sende skriftlig høringssvar er 1. oktober.

Kontrollutvalgsboken

Mange av dere har spurt om når departementet vil komme med en ny utgave av Kontrollutvalgsboken. Da er det hyggelig å kunne melde at nå er arbeidet endelig i gang.

Departementet legger ikke opp til en stor revisjon. Boken vil stort sett bli seende ut som 2015-utgaven. FKT er invitert til å komme med innspill til endringer og evt. nye tema som bør være med. I den sammenhengen har vi utfordret sekretariatene til å sende inn forslag (frist 6. oktober). Departementet håper å bli ferdig med arbeidet rundt årsskiftet, men tar forbehold om at det kan skje uforutsette endringer i planene i forbindelse med regjeringsskiftet.

Annet faglig påfyll

«Høy tillit til institusjonene og best i klassen, men ikke fri for korrupsjon»

Ny korrupsjonsrapport fra TI-Norge: Det er grunn til å være på vakt når nesten halvparten av de spurte i Norge frykter gjengjeldelser ved å rapportere om tilfeller av korrupsjon.

Da er det betimelig å spørre: Er det trygt å varsle til kontrollutvalget?

Varsler har et tydeligere vern når det varsles eksternt. Er det ekstern varsling når en kommuneansatt varsler til kontrollutvalget? spør generalsekretæren i et debattinnlegg i Kommunal Rapport.

Handlingsrom og bredere virkemiddelbruk viktig for nyttige tilsyn

På oppdrag fra KS har Deloitte gjennomført en undersøkelse om statsforvalternes tilsyn med kommunene. Undersøkelsen viser at det er relativt store forskjeller både mellom sektorer og mellom embeter når det gjelder erfaring fra konkret samordning med forvaltningsrevisjoner. Framover bør det arbeides enda mer med erfaringsdeling både ved bruk av nasjonal tilsynskalender og hvordan tilsyn og forvaltningsrevisjoner på en god måte kan ses i sammenheng.

På oppdrag fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet utarbeidet FKT i 2019 et utkast til en veileder for samordning mellom statlig tilsyn og kommunal egenkontroll. På grunn av pandemien er ferdigstillingen av prosjektet utsatt. Rapporten fra KS tyder på at det fortsatt er behov for veiledning på hvordan man kan få til god samordning.

Styret

Styret hadde møte 16. august i Grimstad i forbindelse med Arendalsuka. Du finner protokollen på medlemssiden (krever pålogging). Styret har sitt neste styremøte 18. oktober i forbindelse med Kontrollutvalgslederskolen.

Nye medlemmer

Vi ønsker kontrollutvalgene i Rennebu og Ørland kommuner velkommen som nye medlemmer i FKT. Nå har vi 207 medlemmer (186 kontrollutvalg og 21 sekretariat). Tre andre kommuner i Trøndelag har meldt om at de ønsker å bli medlem fra 2022.

De av dere som ønsker tilgang til medlemssidene kan sende en e-post til fkt@fkt.no for å få tildelt passord. Dette gjelder alle utvalgsmedlemmer.

FKT ønsker dere fine høstdager!



Vennlig hilsen

Anne-Karin Femanger Pettersen,
Generalsekretær

MØTEPROTOKOLL

Møte:	Styremøte
Tid:	16. august 2021 kl. 16.30 – 17.30
Sted:	Teams og Scandic Grimstad hotel
Deltakere fra styret:	Til stede i Grimstad: Tage Pettersen, Einar Ulla og Rita Holberg Til stede på Teams: Tom Øyvind Heitmann, Bård Hoksrud og Liv Tronstad
Andre som møtte:	Anne-Karin Femanger Pettersen (Grimstad)
Forfall:	
Møteleder:	Tage Pettersen

Saksliste:

Saknr.	Saker:
SS 45/21	Godkjenning av innkalling og saksliste
SS 46/21	Godkjenning av protokoll fra møtet 31. mai 2021
SS 47/21	Regnskapsrapport etter 2. kvartal
SS 48/21	Oppfølging av handlingsplanen
SS 49/21	Evalueringsrapport fagkonferansen 1.-2. juni 2021
SS 50/21	Digitalt kurs - KUs uttalelse til årsregnskap og årsberetning
SS 51/21	Profilering av FKT – oppdatert tilbud fra Osberget
SS 52/21	Styrets møteplan høst 2021
SS 53/21	Referatsaker:
RS 11/21	Status - henvendelser til KMD ang. lovtolkninger og FoU som vi ikke har fått svar på
RS 12/21	Svar fra KMD på hvem som skal varsle til kontrollutvalget om møter i selskap
RS 13/21	Svar til PwC ang. spørsmål om sekretariatets rolle og ansvar i fm behandling av personopplysninger
RS 14/21	Svar til KU-leder i Engerdal kommune ang. spørsmål om KUs uttalelse
SS 54/21	Eventuelt

SS 45/21 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Behandling i møte:

Det var ikke merknader til sakslisten.

Vedtak:

Innkalling og saksliste godkjennes.

SS 46/21 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRA STYREMØTET 31. MAI 2021

Behandling i møte:

Det var ellers ingen merknader til protokollen fra styremøtet 31. mai 2021.

Vedtak:

Protokoll fra møtet 31. mai 2021 godkjennes.

SS 47/21 ØKONOMIRAPPORT 1. HALVÅR 2021

Behandling i møtet:

Generalsekretæren orienterte om saken.

Vedtak:

Styret tar økonomirapport 1. halvår 2021 til orientering.

SS 48/21 – OPPFØLGING AV HANDLINGSPLANEN 2021-2022

Behandling i møte:

Generalsekretæren orienterte om saken og styret kom med noen innspill

Vedtak:

Styret tar informasjon om oppfølging av handlingsplanen til orientering

SS 49/21 EVALUERING AV FAGKONFERANSEN 2021

Behandling i møte:

Styret gjennomgikk evalueringen

Vedtak:

Styret tar evaluering av fagkonferansen 2021 til orientering

SS 50/21 DIGITALT KURS – KONTROLLUTVALGETS UTTALELSE TIL ÅRSREGNSKAP OG ÅRSBERETNING

Behandling i møte:

Generalsekretæren orienterte saken og styret kom med noen innspill til opplegget.

Vedtak:

Styret tar til orientering at sekretariatet planlegger et digitalt kurs om kontrollutvalgets uttalelser til årsregnskap og årsberetning. Kurset er i henhold til handlingsplanen 2021-2022.

SS 51/21 TILBUD FRA OSBERGET PÅ NY PROFILERING AV FKT

Behandling i møte:

Generalsekretæren orienterte saken. Styret ble enige om en bestillingsliste og hvem i styret som skal fungere som en arbeidsgruppe.

Vedtak:

1. Styret bestiller følgende profileringstjenester og profileringsmateriell, jf. prislisten i tilbudet:

Logo og profileringsmateriell
Profilmanual – definering av fargar, skrifttype, bruk av logo m.m.
Utarbeiding/ justering av eksisterande logo
E-post signatur
Mal for PowerPoint presentasjon
Mal brosjyre – 4 sider
Mal for brevark
Mal for omslagsmappe
Mal for RollUp

Nyheitsbrev – digitalt. MailChimp
Mal for rapport (NB! Gjeld ikkje å legge inn innhaldet)

2. Styret nedsetter en arbeidsgruppe bestående av Tage Pettersen, Rita Holberg, Liv Tronstad og Anne-Karin Pettersen

3. Arbeidsgruppen diskuterer forslag på de ulike tjenestene og foreslår et endelig design som legges fram for styret i desember.

SS 52/21 MØTEPLAN VÅR 2022

Behandling i møte:

Styret ble enige om møteplanen for våren 2022

Vedtak:

Styret vedtar følgende møtedatoer for våren 2022:

- 1. februar - i fm NKRF sin KU-konferanse 2.-3. februar på The Qube, Gardermoen.
- 15. mars - i fm sekretariatskonferansen 16.-17. mars i Scandic Lillestrøm.
- 26. april - i fm. frist for forslag til årsmøtet, 6 uker før
- 7. juni - i fm fagkonferansen og årsmøtet 8.-9. juni, Lily Contry Club, Kløfta/Gardermoen
- 15. august - i fm Arendalsuka 15.-19. august

SS 53/21 REFERATSAKER

Behandling i møte:

Følgende referatsaker ble tatt til orientering.

RS 11/21	Status - henvendelser til KMD ang. lovtolkninger og FoU som vi ikke har fått svar på
RS 12/21	Svar fra KMD på hvem som skal varsle til kontrollutvalget om møter i selskap
RS 13/21	Svar til PwC ang. spørsmål om sekretariatets rolle og ansvar i fm behandling av personopplysninger
RS 14/21	Svar til KU-leder i Engerdal kommune ang. spørsmål om KUs uttalelse

SS 54/21 EVENTUELT

Ingen saker

16. august 2021

Tage Pettersen
styreleder

Anne-Karin Femanger Pettersen
generalsekretær

Vår referanse 2021/43406-1
Dato 18.08.2021

Kontrollutval i kommunar i tidlegare Hordaland fylke

Folkevaldopplæring for kontrollutval i tidlegare Hordaland fylke 2022

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune har til hensikt å arrangere folkevaldopplæring for kontrollutval i kommunar i tidlegare Hordaland fylke, slik me har gjort annan kvart år sidan 2012.

Opplæringa skal haldast på Solstrand Hotel & Bad, Solstrandveien 200, 5201 Os i tidsrommet **15.02. - 16.02.2022.**

Ved deltaking på denne folkevaldopplæringa vil du få påfyll til din faglege ståstad. Dette vil gjera deg betre i stand til å gjera eit enno betre arbeid i kontrollutvalet. Vidare vil du kunne knytte nye og nyttige kontaktar med kontrollutvalsmedlemmer i andre kommunar og kunne utveksle erfaringar på korleis ein praktisk gjennomfører arbeidet i andre kontrollutval. Vi oppmoder deg til å melde deg på.

Målgruppe:

Målgruppa for folkevaldopplæringa er medlemmar i kontrollutval og sekretariat for kontrollutvala for kommunar i tidlegare Hordaland fylke.

Pris:

Pris pr. deltakar er stipulert til ca. kr.3 900. Dette skal dekke det hotellet skal ha for heile opphalde og faktura vert i si tid send frå hotellet direkte til den einskilde kommune.

Invitasjon med program vil verta send ut medio oktober 2021 med påmeldingsfrist til 01.11.2021.

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorråddevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift



Ullensvang kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Vår referanse 2021/42-3
Dato 29.08.2021

Ullensvang kommune

Partsbrev - Ny revisjonsordning i Ullensvang kommune frå 2022

Her følgjer partsbrev frå kontrollutvalet i Ullensvang kommune sitt møte 27.08.2021, PS 23/21

Påskrift frå sekretariatet.

Ber om at denne vert lagt fram som sak til kommunestyret i Ullensvang kommune 07.09.2021

Saka har to vedlegg.

Vedlegg 1. Oppseiingsbrev frå Ullensvang kommune

Vedlegg 2. Brev frå Vestlandsrevisjon IKS

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Oppseiingsbrev frå Ullensvang kommune
- 2 Brev frå Vestlandsrevisjon IKS

Kopi til:
Ordførar
Rådmann
Utvalseiar
Vestlandsrevisjon IKS



Ullensvang kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2021/42-1
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Ny revisjonsordning i Ullensvang kommune frå 2022**Forslag til innstilling**

1. Ullensvang kommune vel å kjøpa alle revisjonstenester i marknaden. Ullensvang kommune må gjera eit arbeid med å avslutta tenesteleveransen frå Vestlandsrevisjon IKS frå og med 16.08.22, men med målsetting om at vald revisor etter konkurransen tek over ansvaret fom. 01.07.2022
2. Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre ny konkurranse i høve val av revisor for Ullensvang kommune. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2022. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:
 - Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdokument
 - Knytte til seg naudsynt hjelp.
 - Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.

Saksprotokoll 27.08.2021 - Kontrollutvalget i Ullensvang kommune**Handsaming i møte**

Utvalsleiar sette fram spørsmål om revisor sin habilitet i saka.

Sekretariatet tilrådde at revisor vart sett på som inhabil i høve kommunelova § 24-3 som seier:

§ 24-3. Revisors møterett, opplysningsplikt mv.

Oppdragsansvarlig revisor eller hans eller hennes stedfortreder har møte- og talerett i kontrollutvalgets møter. Revisoren har rett til å få uttalelsene sine protokollert. Møteretten gjelder likevel ikke når en sak som angår en revisors tilsettingsforhold behandles.

Revisor vart kjend inhabil etter kommunelova § 24.3 og fråtrede møtet.

Vedtaket var samrøystes.

Brev frå revisjonen som motteke og vidaresendt kontrollutvalet 25.08.2021 vert lagt ved saka når denne sendes til kommunestyret.

Ordførar Roald Aga Haug la fram kommunestyret sitt vedtak som er utgangspunktet for saka.

Forslag til innstilling vart vedteke mot 1 stemme. (Gunnhild Jaastad)

Gunnhild Jaastad sette fram slik protokollmerknad:

Protokollmerknad:

«Ynskjer ei vurdering av om oppdraget er gitt på rett grunnlag jfr. KL. § 24 før vedtaket er gjort.»

Innstilling

1. Ullensvang kommune vel å kjøpa alle revisjonstenester i marknaden. Ullensvang kommune må gjera eit arbeid med å avslutta tenesteleveransen frå Vestlandsrevisjon IKS frå og med 16.08.22, men med målsetting om at vald revisor etter konkurransen tek over ansvaret fom. 01.07.2022
2. Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre ny konkurranse i høve val av revisor for Ullensvang kommune. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2022. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:
 - Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdokument
 - Knytte til seg naudsynt hjelp.
 - Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.

Samandrag

Kontrollutvalet har fått i oppdrag frå kommunestyret i Ullensvang kommune, PS 209/20 å bytte revisjonsselskap. Av vedlegg i saka går fram at det skal gjennomførast ein anbodskonkurranse. Det er resultatet av konkurransen som munnar ut i kven som blir revisor om eit års tid. Det er kommunestyret sjølv som vel revisor for kommunen. Vedtaket vert gjort etter innstilling frå kontrollutvalet, som gjennomfører prosessen fram til val av revisor.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Oppseiingsbrev frå Ullensvang kommune til Vestlandsrevisjon IKS

Saksutgreiing**Bakgrunn for saka**

Kommunestyret i Ullensvang kommune gjorde mellom anna slikt vedtak i PS 209/20 17.12.2020:

Framlegg frå Ap, SV, V og KrF v/, Trygve Bolstad, Arbeidarpartiet
Endringsframlegg tiltakskatalog

Nr		2021	2022	2023	2024
S13	Ekstra innsparing sentraladministrasjon	-2 000 000	-4 000 000	-4 000 000	-4 000 000
S11	Avtale ungdomsklubb aust og vest	80 000	80 000	80 000	80 000
S12	Eigedomsskatt		6 000 000	12 000 000	18 000 000
F4	Reell auke eigedomsskatt i økonomiplanperioden	-1 000 000	-2 000 000	-2 500 000	-2 500 000
S17	Generelt politisk kapittel	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
S18	Reduksjon Hardangerrådet	-584 000	-584 000	-584 000	-584 000
S22	Bytte revisjonsselskap		-800 000	-800 000	-800 000

Som ein ser av punkt S22 er det frå kommunestyret si side lagt opp til bytte av revisjonsselskap. I oppseiingsbrev av 16.08.21 til Vestlandsrevisjon IKS frå Ullensvang kommune er dette nærare presisert. (Sjå og vedlegg 1.)

Utmelding frå Vestlandsrevisjon IKS

Ullensvang kommunestyre fatta i samband med budsjett 2021/Økonomiplan 2021-2024, UK-sak 209/20, vedtak om ny revisjonsordning,.

I tråd med selskapsavtalen for Vestlandsrevisjon IKS § 14 melder Ullensvang kommune seg med dette ut frå selskapet.

Vi vil no i regi av Kontrollutvalet gjennomføra anbodskonkurranse.

Helsing

Roald Aga Haug
ordførar

Ole-Jørgen Jondahl
rådmann

Sekretariatet ser det slik at det ikkje er tale om berre å bytte revisjonsselskap, men velge ny revisjonsordning - jfr kommunelova § 24.1:

§ 24-1. Valg av revisor

Kommunestyret og fylkestinget avgjør selv om kommunen eller fylkeskommunen skal ansette egne revisorer, delta i et interkommunalt samarbeid om revisjon eller inngå avtale med en annen revisor.

Kommunestyret og fylkestinget velger selv revisor.

Vedtak etter første og andre ledd treffes etter innstilling fra kontrollutvalget.

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har vedtakskompetanse til å gjennomføre prosess med konkurranseutsetting av revisjonstenestene og lage innstilling til kommunestyret på val av revisor, medan det er kommunestyret sjølv som gjer vedtak, jf. kommunelova § 24-1.

Vurderingar og verknader

Ullensvang kommune er medeigar og deltek i dag i Vestlandsrevisjon IKS (Tidlegare IHR) Vestlandsrevisjon IKS er eit nytt samarbeid etter at Indre Hordaland Revisjonsselskap og Nordhordland Revisjon IKS slo seg saman i 2020. Dei andre kommunane som er med i det interkommunale selskapet er: Austrheim, Eidfjord, Fedje, Masfjorden, Modalen, Osterøy, Ulvik og Voss.

Som det framgår av kommunelova § 24.1 er det tre moglege ordningar for revisjonsteneste i kommunane. Interkommunalt selskap (som Ullensvang kommune har i dag) tilsette eigen revisor eller kjøpe revisjonstenester i marknaden.

Denne saka handlar om val av revisjonsordning. Når ein har valt revisjonsordning gjer ein vanlegvis ikkje ny vurdering utan at det kjem eit initiativ om det. Dersom revisjonsordninga td. er privat revisjon, så syter ein berre for at det vert valt ny revisor før ein avtaleperiode er over.

I Noreg er det flest interkommunale revisjonsordningar, medan det i Vestland er stort innslag av privat revisjon - spesielt i kommunane i gamle Hordaland. I kommunane sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune arbeider i er det berre kommunane Eidfjord, Ulvik og Ullensvang som deltek i eit IKS. Vestland fylkeskommune har og privat revisjon.

Ordning med eigne tilsette revisorar finn ein i nokre store kommunar og fylkeskommunar.

Kommunelova § 24-1 omhandlar val av revisor. Det står mellom anna dette:

«Kommunestyret og fylkestinget velger selv revisor. Vedtaket treffes etter innstilling fra kontrollutvalget.»

Når lova nyttar formuleringa *«kommunestyret selv»*, inneber det at avgjerda ikkje kan delegerast. Kontrollutvalet er av lovgjevar tildelt ein sentral plass i denne prosessen i og med at kommunestyret skal gjere vedtak etter innstilling frå utvalet. Det er sekretariatet til kontrollutvalet som førebur saka for kontrollutvalet jamfør forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 7:

«Sekretariatet skal forberede sakene for kontrollutvalget og påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet. Sekretariatet skal også påse at kontrollutvalgets vedtak blir iverksatt.»

Det er føremålsteneleg at ny kontraktperiode kan starte frå 1.7.2022. For at ein skal rekke å kome gjennom alle stega i innkjøpsprosessen innan den tid må arbeidet starte opp relativt raskt, og det er heilt avgjerande for gjennomføringa at kontrollutvalet får tildelt fullmakter for å gjennomføre prosessen.

Kort om økonomi.

Det er i vedtaket frå kommunestyret i PS 209/20 lagt inn monaleg innsparing ved skifte av revisjon. Ullensvang kommune betaler etter avtale i dag 1.270 000,- for revisjon. I tillegg kjem

årlege pensjonskostnader for tidlegare tilsette i revisjonen. (Desse utgiftene vil påløpe uavhengig av revisjonsordning)

Ved konkurranseutsetting av revisjon kan ein pårekne noko innsparing, men ein må og ta høgde for kostnader knytt til anbod kvart fjerde år. Om ein samanliknar Ullensvang kommune med til dømes Kvam herad som har privat revisjon, er kostnadene til revisjon omlag halvparten av kostnaden i Ullensvang kommune.

Konklusjon

Det vert tilrådd å gje fullmakt til kontrollutvalet til å gjennomføre prosessen med konkurranseutsetting av revisjonstenestene for Ullensvang kommune, men at det er kommunestyret som til slutt gjer vedtak om val av revisor.

REPRESENTANTSKAPSMØTE

Vestlandsrevisjon IKS

Dato: Onsdag 8. september 2021

Kl.: 15.00 – 15.45

Stad: Digitalt, Teams

Desse møtte:

Austrheim kommune:	Inger Lise Brekke (vara)
Fedje kommune:	Stian Herøy
Masfjorden kommune:	Karstein Totland
Modalen kommune:	Kjetil Eikefet
Ulvik herad:	Hans Petter Torbjørnsen
Voss herad:	Hans Erik Ringkjøb (leiar)

Desse møtte ikkje:

Eidfjord kommune:	Anders Vatle
Osterøy kommune:	Lars Fjeldstad (nestleiar)
Ullensvang Kommune:	Roald Aga Haug

Dessutan møtte: Styreleiar Øivind Olsnes og revisjonssjef Janne Eraker

SAKSLISTE:

SAK 06/21 GODKJENNING AV MØTEINNKALLING OG SAKSLISTE

SAK 07/21 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 21.6.2021

SAK 08/21 VEDTAK I ULLENSVANG KOMMUNE OM NY REVISJONSORDNING FRÅ 2022 OG UTMELDING FRÅ VESTLANDSREVISJON IKS - DRØFTING AV SAKA

SAK 09/21 EVENTUELT

Leiar i representantskapet Hans Erik Ringkjøb, ynskte velkommen.

Etter lov om interkommunale selskap § 9 skal møteutskrifta underskrivast av møteleiar og to av representantane som blir vald i møtet. Til å underskrive møteboka vart vald Kjetil Eikefet og Karstein Totland i tillegg til representantskapsleiar.

SAK 06/21 GODKJENNING MØTEINNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent.

SAK 07/21 GODKJENNING AV MØTEUTSKRIFT 21.06.2021

Det var ingen merknader til møteutskrift.

Vedtak:

Møteutskrift av 21.06.2021 vart godkjent.

SAK 08/21 VEDTAK I ULLENSVANG KOMMUNE OM NY REVISJONSORDNING FRÅ 2022 OG UTMELDING FRÅ VESTLANDSREVISJON IKS - DRØFTING AV SAKA

Bakgrunn for sak i styre/representantskap

Vestlandsrevisjon IKS vart stifta 2. oktober 2020 ved samanslåing av Nordhordland Revisjon IKS og Indre Hordaland Revisjonsdistrikt der Ullensvang kommune var medlem. Operativ drift i selskapet starta 1. januar 2021.

Ullensvang kommune gjorde etter endringsframlegg følgjande vedtak i kommunestyremøte den 17.12.2020 under PS 209/20 om budsjett og økonomiplan: «S22 Bytte revisjonsselskap innsparing årleg frå 2022 kr 800.000» (Understrekinga er gjort i dette dokumentet)

Utan ytterlegare sakshandsaming mottok Vestlandsrevisjon IKS i brev datert 16.08.21 utmelding frå Ullensvang kommune:

«Ullensvang kommunestyre fatta i samband med budsjett 2021/Økonomiplan 2021-2024, UK-sak 209/20, vedtak om ny revisjonsordning

I tråd med selskapsavtalen for Vestlandsrevisjon IKS § 14 melder Ullensvang kommune seg med dette ut frå selskapet.»

(Understrekinga er gjort i dette dokumentet)

I brev datert 25.08.2021 til kontrollutvalet i Ullensvang kommune påpeika Vestlandsrevisjon IKS at utmeldinga etter selskapet si vurdering var gjeven utan at kommunen hadde følgd krava til sakshandsaming vedrørende val av revisjonsordning og val av revisor i tråd med § 24 i kommunelova.

I møte den 27.08.2021 vedtok kontrollutvalet i Ullensvang kommune framlegget frå sekretariatet slik det låg føre mot 1 røyst og med ein merknad til protokollen.

Revisjonssjef og styreleiar var til stades ved handsaminga i kontrollutvalet. Sekretær opplyste i møte at han hadde kontakta ordførar og rådmann, der deira tolking av vedtaket i budsjettsaka var at dette var eit prinsippvedtak som også omfatta ny revisjonsordning. Sekretær poengterte at kommunestyret er suverene og at kontrollutvalet er underlagt kommunestyret. Det vart avvist at det førelåg noko prosedyrefeil eller anna feil i saksgangen. Kommunestyret hadde ikkje vedteke krav

om utgreiing. Saksutgreiinga og innstillinga til møte i kontrollutvalet var god nok for ei vurdering av revisjonsordning.

Kontrollutvalet sitt vedtak og tilråding vart deretter sendt kommunestyret for handsaming under sak 095/21 i møte den 07.09.2021 med følgjande innstilling til vedtak:

Innstilling

1. Ullensvang kommune vel å kjøpa alle revisjonstenester i marknaden. Ullensvang kommune må gjera eit arbeid med å avslutta tenesteleveransen frå Vestlandsrevisjon IKS frå og med 16.08.22, men med målsetting om at vald revisor etter konkurransen tek over ansvaret fom. 01.07.2022
2. Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre ny konkurranse i høve val av revisor for Ullensvang kommune. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2022. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:
 - Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdokument
 - Knytte til seg naudsynt hjelp.
 - Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.

Styret og representantskapet i Vestlandsrevisjon IKS har i møte den 08.09.2021 handsama utmeldinga frå Ullensvang kommune.

Framlegg til vedtak i representantskapet:

Representantskapet vurderer det slik at motteken utmelding frå Ullensvang kommune datert 16.08.2021 ikkje er vedteken i samsvar med krava til sakshandsaming som kommunelova § 24 set for val av revisjonsordning og val av revisor.

Representantskapet klagar sakshandsaminga av Ullensvang kommune si utmelding inn til departementet i samsvar med § 30 om utmelding i IKS-lova. Departementet vert beden om vurdere mogleg sakshandsamingsfeil og eventuelt kjenne motteken utmelding ugyldig om dette er tilfelle.

Vedtak:

Samrøystes vedteke å støtte innstilling frå styret. Saka blir klaga inn til departementet, jf IKS-lova § 30 om utmelding.

SAK 09/21 EVENTUELT
Ingen saker under eventuelt

Isdalstø, 8. september 2021

Hans Erik Ringkjøb
Leiar i representantskapet
(elektronisk sign)

Kjetil Eikefet
(elektronisk sign)

Karstein Totland
(elektronisk sign)

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Kjetil Eikefet

Representant vald som underskrivar

Serienummer: 9578-5993-4-3264460

IP: 85.200.xxx.xxx

2021-09-09 06:20:32 UTC



Hans-Erik Ringkjøb

Leiar representantskapet

Serienummer: 9578-5993-4-3059027

IP: 37.18.xxx.xxx

2021-09-10 07:09:05 UTC



Karstein Jon Totland

Representant vald som underskrivar

Serienummer: 9578-5993-4-3369065

IP: 85.200.xxx.xxx

2021-09-11 10:57:18 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: 35GNK-G0TGI-1EP30-GWUJH8-XQ5NS-FWEW7


Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>



Vestlandsrevisjon Iks
Kvassnesvegen 23
5914 ISDALSTØ

Dykkar ref.

Vår ref.

21/2551-2 /ojjo/21/24289

Arkiv:

Dato

16.08.2021

Utmelding frå Vestlandsrevisjon IKS

Ullensvang kommunestyre fatta i samband med budsjett 2021/Økonomiplan 2021-2024, UK-sak 209/20, vedtak om ny revisjonsordning,.

I tråd med selskapsavtalen for Vestlandsrevisjon IKS § 14 melder Ullensvang kommune seg med dette ut frå selskapet.

Vi vil no i regi av Kontrollutvalet gjennomføra anbodskonkurranse.

Helsing

Roald Aga Haug
ordfører

Ole-Jørgen Jondahl
rådmann

Dokumentet er godkjend elektronisk og har difor ikkje signatur.

Ring oss

Telefon: 53 65 40 00
Sentralbord: 09.00 - 15.00

Org.nr 920 500 633

Kontakt oss

Opheimsgata 31
5750 Odda

postmottak@ullensvang.kommune.no

Besøk oss

Besøk innbyggjartorga i
Jondal, Odda og Kinsarvik

> www.ullensvang.kommune.no